

BRUKARRETTEIING



Konseptskisse for bruk av appen «Lærar for ein dag». Figurane er laga av [Freepik](#) og henta frå [www.flaticon.com](#)

Kjære lærarstudent, praksislærer og lærarutdannar - og alle andre som er nysgjerrige på lærarkvardagen.

Korleis er det å vera lærar for ein dag? Her får du delta i situasjonar som kan dukka opp i klasserommet.

Dette er utfordringar som krev at du som lærar gjer gode val. – I situasjonane her kan du øva, testa og reflektera over handlingar og val. Du kan gjera det åleine eller i lag med andre.

MÅLGRUPPE

I appen «Lærar for ein dag» ønskjer me å levera læringsinnhald som kombinerer on- og off- campus-aktivitet. I våre fleksible lærar-utdanningar er målet å utvikla nye ressursar og praksisar knytte til desse. «Lærar for ein dag» er retta mot lærarstudentar i emnet «Pedagogikk og elevkunnskap», men kan naturlegvis nyttast utover dette.

Appen kan brukast på fleire ulike skjermar (smarttelefon, nettbrett, PC og prosjektør). Opnar du appen håpar me at du skal oppdaga eit potensial.

KORLEIS KAN DU GJERA DETTE TIL DITT EIGE?

I appen finst førebels tre casar. Studentar, praksislærarar og lærarutdannarar kan bruka desse på ulike måtar:

- Bruk appen i lag med praksislærer, medstudentar og lærarutdannarar.

- Bruk appen åleine, i par, grupper og/eller plenum. Bruk gjerne ein kombinasjon av desse. Varier også med korleis du startar. Det går like fint å starta i plenum som åleine.
- Bruk appen på campus, i praksis og heime – eller kombiner desse bruksmåtene.
- Bruk appen til førebuing av praksis, arbeid med pensum eller i refleksjons- og vurderingsarbeid.
- Lag ei ramme (mappe) kring bruken i ditt LMS (Fronter, Canvas el.l.). Slik kan refleksjonar, dokumentasjon, eigne case, diskusjonar og vurdering samlast digitalt på ein stad

REFLEKSJONAR

Me har forsøkt å leggja mykje kunnskap og kompetanse inn i appen, slik at du kan møte innhaldet igjen og igjen. Truleg vil du også oppleve at det er manglar her eller at du er ueinig i nokre delar. – Det er bra. Det skapar spenning og refleksjon som me håpar kan bidra til å utvikla kompetansen din.

- Ta gjerne eit skjermbilde undervegs i appen for å analysera, dokumentera val eller reflektera
- Bruk case eller skjermbilde for å finna og argumentera for alternative løysingar
- Bruk ditt eige pensum som referanse og støtte i arbeidet med appen